



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Oppvekst og haldning til naturen

Ingrid Kyte & Kamilla Marifjæren

Bacheloroppgåve i friluftsliv

Lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Odd Lennart Vikene

11.12.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Tre semester er gjennomført i friluftsliv. Fokuset i denne utdanninga har vore å tileigne seg mest mogleg kunnskap om naturen, aktivitetar og friluftsliv, alt dette for å kunne bli best mogleg rusta som friluftslivsrettleiarar når vi er ferdige. Delar av undervisninga har vore retta mot undervisning og pedagogikk retta mot spesielt barn. Andre delar av undervisninga har handla om naturen, forvaltning, historie og også naturfilosofi. Sidan vi begge synest forholdet mellom menneske og natur er spennande som tema, har vi derfor endt opp med haldningar og natur. Det har vore ein utfordrande og spennande prosess som har vore givande og lærerik for oss. Vi har sett det som ein stor fordel å vere to og har hatt god støtte i kvarandre.

Vi vil gjerne takke våre informantar som har stilt opp til intervju og delt sine tankar og erfaringar med oss. Dette set vi stor pris på og oppgåva hadde ikkje vorte til utan dykk. Vi må og takke vår vegleiar Odd Lennart Vikene for gode innspel og tilbakemeldingar gjennom heile prosessen. Takk for at du har teke deg tid til å svare på alle våre små og store spørsmål i tide og utide, retta opp når vi har vore på viddene, kome konstruktiv kritikk når det har vore nødvendig og oppmuntra når det trengs. Vi må og takke vår medstudentar på friluftsliv for støtte, gode minner og godt samhald i denne tida.

Sogndal, 11. desember 2020

Samandrag

Formålet ved denne studien var å undersøke kva betydning forholdet til naturen i oppveksten har for haldningane til naturen i vaksen alder? For å finne ut av dette nytta vi oss av eit individuelt kvalitativt intervju av 4 vaksne informantar som sjølve definerer seg som brukarar av friluftsliv. Resultata viser at familien har vore viktig for sosialiseringa til naturen, gjennom arbeid og turar i naturen gjennom oppveksten. Frileik med vennar har vore viktig for å bli kjent med naturen og friluftslivet. Uavhengig om ein har vakse opp i bygd eller by, og med ulik natur, har den frie leiken i natur vist seg å vere eit fellestrekk. Alle informantane har hatt naturen rett utanfor døra, og dermed lett tilgjengeleg. Informantane våre syner at gode erfaringar, kunnskap og opplevingar til naturen i oppveksten, kan gje gode haldningar til naturen i vaksen alder. Teorien viser at det kan vere ein samanheng mellom erfaringar med natur i oppveksten og haldningar til natur, noko informantane i denne studien synes å bekrefte.

Vi kom fram til at forholdet til naturen i oppveksten gir kunnskap, forståing og erfaring samtidig som det skaper kjensler til naturen. På bakgrunn av dette har vi konkludert med at Forholdet til naturen i oppveksten dannar eit grunnlag for dei eigenskapane ein treng for å danne gode og bevisste haldningar til naturen, og spelar derfor ein viktig rolle for vår haldningsdanning.

Innhold	
Forord	2
Samandrag	3
Innleiing	6
Problemstilling	7
Forklaring av omgrep	7
Teori	9
Norsk Friluftslivskultur	9
Oppvekst og sosialisering til friluftsliv	10
Haldningar	11
Filosofi	14
Klima og miljø	15
Metode	16
Val av metode	16
Datainnsamling	17
Utval	17
Intervjuguide	18
Gjennomføring av intervju	18
Tematisk analyse og behandling av data	19
Ethiske forhold	19
Reliabilitet og validitet	20
Resultat og diskusjon	22
Barndommen	22
Oppveksten	22
Frileik med vennar	23
Naturen	24
Tilgang på natur	24
Miljøet rundt	24
Haldningar	25
Forholdet til naturen	25
Haldningar til natur i vaksen alder	26
Konklusjon	30
Litteraturliste	31
Vedlegg nr 1	34
Intervjuguide	34

Vedlegg nr 2	37
Informasjonsskriv	37
Samtykkeerklæring	40

Innleiing

Boka “Hyttbok frå helvete” av Are Kalvø (2018) vekka nysgjerrigheit rundt temaet oppvekst og forhold til natur. Han fortel om sin oppvekst på Stranda og bakgrunnen med friluftsliv der. Vidare fortel han korleis han i vaksen alder ikkje har nokon interesse av å ferdast i naturen. Hans bakgrunn og oppvekst fekk oss til å reflektere rundt vår eigen, og folk vi kjenner sitt forhold til naturen.

Natur og friluftsliv står sterkt i Noreg. Det er ein del av vår identitet og nordmenn er stolte av naturen vår. Friluftsliv er knytt til tradisjon. Det kan knytast til kjensler som tryggleik, ektheit og genuinitet. Samstundes møter natur og friluftsliv også det moderne samfunnet. Moderne fenomen som til dømes miljøproblematikk, forbruk og kommersialisering kan relaterast til utfordringar i friluftslivet (Tordsson, 2010, s. 197).

Naturens rolle i samfunnet har endra seg i løpet av relativt kort tid. Tidlegare brukte ein naturen fordi den gjorde nytte for seg. I dag er friluftsliv ein lystbetont fritidsaktivitet, vi er ikkje lenger avhengige av naturen i våre daglege gjeremål. Møte med natur kan variere frå eitt individ til eit anna. Derfor kan menneskers forhold til naturen sprike meir enn det har gjort tidlegare. Friluftsliv er eit kulturelt fenomen som får si mening gjennom ein sosial og kulturell kontekst. I dag vert friluftsliv forstått ut i frå dei særprega som er typiske for vår samtid. Friluftslivet vert formidla til nye generasjonar gjennom sosiale samanhengar. Vi lærer ikkje berre ferdigheiter, men også måtar å oppleve, forholde oss til, setje verdi på noko, og internalisere normer og ferdigheiter. Dette vil seie at friluftskulturen vert vidareført frå ein generasjon til neste samtidig som samfunnsbiletet endrar seg. Denne sosialiseringa byrjar allereie som barn og held fram gjennom oppveksten og livet (Tordsson, 2010, s. 65).

Marion og Strømme (2015, s. 152-153) hevdar at det finst ein samheng mellom positiv eksponering til natur gjennom oppvekst og haldningar til natur. Det handlar om kva for naturopplevingar born sit igjen med frå sin oppvekst. Kva møte dei har hatt med naturen, kva inntrykk som sit att, og korleis ein kan sjå dette i samheng med deira forståing og haldning til naturen.

Det er blitt forska på små barns miljøbevisstheit. Barbara Marie Sageidet har forska på små barns bevisstheit rundt miljøproblem. Forskinga handlar om å finne ut kva som må til for at barn skal bry seg om miljøproblem, og kor mykje dei skjønar av aktivitetar knytt til berekraft. Barn frå Noreg og Australia vart intervjua. Det handlar om å skape forståing for samanhengar i naturen som igjen vil gje innsikt i økologiske, økonomiske og sosiale dimensjonar av berekraftig utvikling. Dette vil auke barns bevisstgjerjing rundt utfordringane til miljø (Nyberg (2017)).

Problemstilling

Det er interessant å undersøke om haldningane ein har til natur kan relaterast til opplevingar og sosialisering med natur og friluftsliv i oppveksten. Gjennom oppveksten er opplevingar viktig og vil sitte igjen gjennom livet. I boka «Hyttebok frå helvete» hadde forfattaren ein oppvekst med mykje tilgang på natur, men som vaksen var det inga interesse for naturen. Samtidig seier Marion og Strømme (2015, s. 128) at tidleg eksponering for natur påverkar handlingar til natur i vaksen alder. Med dette har vi komme fram til følgende problemstilling:

Kva betydning har forholdet til naturen i oppveksten for haldningane til naturen i vaksen alder?

Denne problemstillinga inneberer å sjå tilbake på oppveksten og kor stor grad ein vart eksponert for natur saman med vennar og familie og lokalmiljø, og om dette har hatt påverknad for haldningar til natur i vaksen alder. Vi vil sjå meir på samanhengen mellom bakgrunn og forholdet ein får til naturen gjennom møte og nytte av naturen i oppveksten og kva haldningar som skapast gjennom dette og vert sittande igjen hos individet i vaksen alder.

Forklaring av omgrep

Natur er det motsette av kultur. Naturen er framkommen ved organisk utvikling, og er ein del av verkelegheita, som ikkje er bearbeida av menneske (Tordsson, 2010, s.53). Menneske er ein del av naturen, menneske trenger naturen for å overleve, men naturen treng ikkje menneska for å overleve.

Friluftsliv er eit stort og personleg tema. Friluftsliv kan forklarast og bety ulikt for kvart individ. Kanskje derfor er det så mange ulike definisjonar på kva friluftsliv er? Nils Faarlund (2003, s.32) sin definisjon seier “Friluftsliv er overskuddsliv i naturen”. Friluftsliv er å vere ute i naturen og mange vil seie dei får overskot av å vere ute i naturen, det er ein fristad frå kvardagslivet. Å oppleve glede i naturen og drive med friluftsliv ein sjølv ønsker for å ha eit overskuddsliv. Mennekset er ein del av naturen og dei erfaringane ein gjer seg i møte med naturen, gjere noko med oss (Tordsson, 2010, s. 16). Miljøverndepartementet har definert friluftsliv som: “*Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft på fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving*” Meld. St. 36 (2001). Friluftsliv er det tradisjonelle og friluftslivaktivitetar. I den offentlege definisjonen skil ein også på om aktiviteten er i arbeid eller på fritid.

Oppvekst i denne oppgåva blir definert frå ein blir født, til slutten av tenåra, kor ein har begynt å få sine egne haldningar og meiningar. Gjennom oppveksten er familien og ein harmonisk oppdragelsen ein viktig del for haldningar og meiningar, sjølv om det er mange andre typer sosialisering som også er viktig (Frønes, 2006, s. 19). Gjennom oppveksten skjer det mange opplevingar store og små som ein tar med seg.

Haldninga ein har gjer at ein tenker, føler og handlar positivt eller negativt over noko. Det kan vere eit bestemt objekt, menneske, idear eller verdiar (Marion og Strømme, 2015, s. 150). Haldningane ein har kan føre til dei handlingane ein gjer. Men det betyr ikkje at det alltid er bestemte handlingar ut i frå haldningane (Marion og Strømme, 2015, s. 152).

Frileik er når barn er aktive og er med kven dei vil, bestemmer kva dei skal gjere og til ein viss grad kvar dei vil leike. Frileik er viktig, det er med på å oppnår viktig sosial, emosjonelle og intellektuelle ferdigheit (Fjærtøft & Reiten, 2003, s. 18).

Miljø kan forklarast som omgivelsar eller ytre livsvilkår. Miljø kan vere biologi, samfunn, arbeidsmiljø eller miljøvern (SNL, 2020). Vi bruker miljølæren fordi det handlar om forhalde menneske har til naturen og forvaltninga av naturressursane. Eigen rolle i forvaltninga som forbrukar og som deltakar i naturen. Menneske er avhengig av naturen, den har alltid gitt oss mat, areal, råstoff og energi. Personlege behov vi menneska har, kan delast inn i primære og sekundære behov. Primære behov er grunnlaget for liv og helse, medan sekundær går på velvære, trivsel og undehaldning (Andrews, 1995, s.4).

Vaksen alder er i følge norske lover når ein er over 18 år. I oppgåva har vi sett kriterier som vaksen over 30 år (Lov om kongens myndighetsalder, 1979). Årsaken til denne forskjellen er at perioden mellom 18 og til kanskje 30 år er ein periode i livet som ein brukar til å gjere konkrete val om livet.

Teori

I denne delen skal vi gjere greie for ulike teori som er relevant for problemstillinga. Vi går inn på teori om norsk friluftslivskultur. Oppvekst og sosialisering til friluftslivet er ein viktig faktor for å bli kjent med friluftslivet. Korleis haldningar vert danna og kva det har å seie for vidare handlingar og val. Vi vil ha med teori om filosofi, menneske og naturkjennskap. Vi står ovanfor utfordringar kring klima og miljø, vi vil ha med teori om dette og om menneskeleg påverknad. Slik vi ser det kan alt dette førast tilbake til menneskets forhold til natur. Vi stiller spørsmål ved kva type haldningar menneske eigentleg har til naturen og korleis desse oppstår.

Norsk Friluftslivskultur

I følge Breivik er det to tradisjonar innan friluftsliv. Det var overklassa som fyrst byrja med friluftsliv. For dei var dette lystbetont og vart nytta som rekreasjon. For bøndene stilte det seg annleis, dei nytta naturen i sine daglege gjeremål og for å få mat på bordet. Friluftslivet som oppstår i bykulturen kan vi rekne som moderne friluftsliv basert på nyvinningar og utvikling, medan gamalnorsk bondekultur handlar om å ta vare på viktige og trua tradisjonar, slik at desse ikkje vert øydelagd av bykulturen. Moderne friluftsliv kjenneteiknast ved å vere typiske overskotsaktivitetar, medan det tradisjonelle friluftslivet har eit sterkt nyttepreg (Tordsson, 2018, s. 55).

Tradisjonelt friluftsliv, til dømes haustingsaktivitetar som ber preg av nytteverdi, vert i stadig større grad bytta ut med moderne formar for friluftsliv. Desse aktivitetane ber preg av å vere lystbetont. Vi utfører dei fordi vi kan og vil og fordi det tilfredsstillar våre behov for avbrekk, opplevingar og spenning. Friluftslivet i dag er altså prega av, vi gjer det fordi vi vil ikkje fordi vi må (Tordsson, 2010, s. 197.).

«...Vi kan forstå friluftslivets rolle i det moderne samfunnet som at det bygger ei bru over motsetninga mellom natur og kultur gjennom å forvandle den til den enkeltes personlege prosjekt...» (Tordsson, 2010, s. 93).

På 1970 talet vart det stilt spørsmål med friluftslivets rolle. Ein ynskja å avklare friluftslivet sin eigenart. Kva var friluftsliv? Kvifor er friluftslivet viktig? Kva krav måtte stillast til dei som dreiv med friluftsliv, og ikkje minst til dei som skulle lære bort friluftsliv. På denne tida auka også fokuset på naturens utfordringar og fleire miljøbevegingar vaks fram (Repp, 2001, s. 252).

Oppvekst og sosialisering til friluftsliv

Sosialisering er ein prosess som startar frå vi blir født. Det handlar om å ta til seg normer, verdiar, kunnskap, språk og væremåtar og gjere dette til ein del av sine eigne føresetnader. I samspel med omgjevnadane lærer ein kva som forventast av ein i det aktuelle samfunnet. I Frønes sin framstilling av sosiologien vert dette kalla internalisering. Denne delen av sosialiseringa bidreg til barnets individuelle vekst og danning. Den andre sida av Frønes sin framstilling går ut på at barnet brukar sine føresetnader til å forme verda omkring seg med viten og vilje, dermed vert barnet sjølv ein sosial aktør. Frønes kallar dette eksternalisering (Svanberg og Wille, 2009, s. 218 og 227).

Friluftsliv vert formidla til nye generasjonar og samfunnsgrupper gjennom sosiale samanhengar. Vi vert sosialiserte inn i friluftslivet. Vi internaliserer handlingsmåtar, vurderingar, normer og verdiar. Dette skapar ulike mønster og ideal frå delkultur til delkultur. Dermed vert det utvikla ulike tradisjonar, og måtar å drive friluftsliv på (Tordsson, 2010, s.65).

Friluftsliv er eit sentralt tema når ein snakkar om barn og unge og deira danning. Dersom ein har vore på tur som barn har ein gode føresetnader for å halde fram med dette seinare i livet. Førestillinga om at vår tilknytning til friluftslivet heng saman med gode friluftsupplvingar i oppveksten er svært godt innarbeidd i det norske samfunnet. Dette har prega stortingsmeldingar og læreplanar dei siste 40 åra (Odden, 2009, s. 51). I den overordna delen av læreplanen står det at skulen skal bidra til at barn og unge utviklar respekt for naturen, klima og miljøbevisstheit. Dei skal få oppleve naturen som kjelde til nytte, glede, helse og læring. Skulen skal bidra til forståing for menneskets avtrykk i naturen og bidra til at barn og unge ynskjer å ta vare på naturen og miljøet. Dette skal ruste barn og unge til å handtere klimaendringar, tap av økosystem og biologisk mangfald og andre utfordringar som truar i framtida (Utdanningsdirektoratet, 2020).

Barbara Marie Sageidet har forska på små barns bevisstheit rundt miljøproblematikk. Studien handla om å finne ut kva som må til for at barn skal bry seg om miljøproblem og kor mykje dei skjønar av aktivitetar knytt til berekraft? Barn frå Noreg og Australia vart intervjua. Det handlar om å klare å skape ei forståing for samanhengar i naturen som igjen vil gi innsikt i økologiske, økonomiske og sosiale dimensjonar av berekraftig utvikling (Nyberg, 2017).


Ein kan erfare naturopplevingar på to måtar. Direkte eller gjennom andre, som til dømes mor og far. I følgje Brudal utviklar barn eit breitt register av kjensler og måtar å forhalde seg til verden rundt. Dette kan dei byggje vidare på som vaksne. Han meiner at våre fyrste leikeopplevingar er nært knytt til positive naturopplevingar (Hauger, T. & Lund, O. 1996. s. 47). Deltaking i friluftslivet som vaksen heng saman med friluftslivdeltaking i oppveksten. Dette viser tydeleg at friluftslivet er noko som må lærast, samtidig som det er noko ein må sosialisera inn i (Odden, 2009, s. 51).

Haldningar

«...Med haldningar meinast reaksjonsmåten vi vanlegvis møter menneske, saker og situasjonar med, og uttrykker vår vilje til å handle på ein bestemt måte...» (Marion og Strømme, 2015, s. 150).

Det er ikkje slik at bestemte haldningar nødvendigvis fører til at vi gjer dei same handlingane kvar gong. Det avhenger av kor generelle eller spesifikke dei bestemte haldningane er. Jo meir spesifikke haldningar ein har, desto større sjanse er det for at dei fører til handlingar. Til dømes har dei fleste norske barn og ungdom har ein positiv haldning til natur og miljø. Som bakgrunn for slike haldningar ligg ei forståing av at naturen er trua (Marion og Strømme, 2015, s. 152).

Vi har ein modell for haldningsdanning. Den bygger på at verdiane heile tida ligg til grunn. Andre faktorar som dannar haldning er tankar, kjensler, og kunnskap. Vi skil mellom tre hovudkomponentar, affektiv, kognitiv og sosial komponent (Marion og Strømme, 2015, s. 153 – 154).



Figur 1 (Marion og Strømme, 2015, s. 154).


Den kognitive komponenten vektlegg kunnskap. Det handlar om å utvikle realistiske oppfatningar om verkelegheita rundt. Kunnskap innan miljøringsamheng tek for seg tre ting. Ein treng kunnskap om miljøproblemas årsak og omfang. Det handlar om kunnskap evne til å vurdere alternativ og å klare å sjå konsekvens av vala vi gjer. Og å skaffe seg kunnskap om betydninga av våre handlingar og korleis menneske handlar (Marion og Strømme, 2015, s. 154 – 156).

Den affektive, eller kjenslemessige komponenten kan spele ein stor rolle når haldningane dannast. I eit samfunnsperspektiv kan det ofte sjå ut som at store avgjerder vert teke utan at kjensler er involvert i beslutninga. Det som derimot er tilfellet er at ingen menneske kan ta avgjerder utan at det er involvert nokon form for affektiv påverknad. Barns oppleving i natur kan gi affektiv påverknad på barnet. Om det oppstår ei kjensle i forhold til naturen vil ein danne ei haldning som er med på å styre handlingar og opptreden i naturen. Mykje tyder på at det kan vere ein samheng mellom positiv eksponering for natur og miljøvennlege haldningar seinare i livet (Marion og Strømme, 2015, s. 156 – 158).

Den sosiale komponenten går ut på at det innanfor alle sosiale rammer finst normer og reglar for åtferd. Desse fremjar og verna og dei verdiane som er aksepterte i denne sosiale samanhengen (Marion og Strømme, 2015, s. 158).

Høyem (2020) meiner at mellombels opphald og rekreasjon i naturen kan bidra til eit permanent forhold til naturen. Resultata av hennar studie hevdar at praktisering av friluftsliv kan bygge opp eit bevisst forhold til naturen, men at om ein skal oppnå dette krev det refleksjon rundt tema. Utandørs rekreasjon kan bidra til individets tolking av naturen og

miljøproblematikk. Det skapar ikkje miljøbevisstheit i seg sjølv. Derimot kan det vere eit grunnlag for å utvikle denne måten å tenkje på ved å etablere eit bevisst forhold til naturen. Intervjua ho gjorde indikerte at informantane si haldning til natur og miljøbevisstheit stamma frå teorien som vert beskrive i Figur to (under). Høyem sin studie belyser dermed at verdien av utandørs rekreasjon og naturopplevingar i oppveksten kan vere med å forme haldningar til natur. Modellen i figur to understrekar Høyem sin teori. Første del av modellen omhandlar individets motivasjon, verdi og refleksjon rundt utandørs rekreasjon. Modellen tek føre seg individets grad av desse faktorane. Andre del av modellen tek føre seg individets potensiale for å utvikle haldningar til miljø og intensjon om å handle miljøvennleg (Høyem, 2020).



Figur 2 (Høyem, 2020).

Mange som driv med friluftsliv opplever å få eit kjenslemessig tilknytning til naturen. På bakgrunn av dette vert ein gjerne oppteken av å verne den, ein får det vi kallar naturvennlege haldningar. Her dukkar det opp nokre omgrep. Naturvern, som omhandlar aktivitetar og handlingar knytt til bevare urørt natur og trua artar. Og miljøvern som i tillegg handlar om arbeid for å redusere klimagassutslepp, miljøgifter og andre utfordringar som inngår i miljødimensjonen i bærekraftig utvikling. Ein vil gjerne ta vare på det ein er glad i. Mange som arbeider med undervisning, guiding og kursing i friluftsliv, uttrykker at naturverdi og bærekraft er sentrale verdiar som dei ynskjer å formidle (Magnussen og Vold, 2018, s. 81).

Det å holde på med friluftsliv er likevel ikkje nokon garanti for at ein lever miljøvennleg. Undersøkingar viser at det ikkje nødvendigvis er nokon samanheng mellom utøving av friluftsliv og ein bærekraftig livsstil. Det viser seg også at naturvernholdningane til friluftsfolk

kan knytast til område dei har eit forhold til. Dette kallast “NIMBY” syndromet, det står for “not in my backyard”. Det viser seg at lokale eldsjeler vert engasjerte når det vert foreslått utbyggingar av nye vegar, kraftanlegg og vindmøller. Det blir eit sårt tema og det oppstår motstand (Magnussen og Vold, 2018, s. 84).

Filosofi

Gelter (2000) meiner at friluftsliv som filosofi handlar om å sjå seg sjølv som del av ein verden som er basert på meir enn berre menneskelege faktorar. Han meiner at menneske må finne tilbake til ein biologisk livsstil, men i ein ny kontekst. Han ynskjer at vi går vekk frå den teknologiske livsstilen vi lever i dag og tilbake mot ein meir økologisk måte å leve på. Den opprinnlege naturkjennskapen menneske hadde er borte. Menneske treng å gjenopprette denne lærdommen, ikkje ved hjelp av bøker, men ved å oppleve verda utover menneskelege faktorar. Gelter meiner at friluftsliv er ein moderne flukt frå det urbane livet for å få påfyll av psykisk og fysisk styrke (Gelter, 2000).

Ein vanleg definisjon av natur er at det er alt som ikkje er skapt av menneske. Dette vert ein motsetnad til kultur som er menneskeskapt. Denne definisjonen vert i dag utfordra. I verda vert klimaet endra av menneske. Dette har ført til at det blir mindre vill, urørt natur på jorda. Mc Kibben meiner at naturomgrepet kan fortsås på denne måten. I forhold til hans tankegang, er byrjinga på dei menneskeskapte klimaendringane slutten på naturen, fordi han meiner det ikkje lenger finst urørt natur på jordas overflate. Med dette meiner han at alt er litt menneskeskapt og alt er litt natur. På den andre sida vert denne forståinga av naturomgrepet for einsidig. Det verkar urimeleg å seie at det ikkje lenger finst nokon form for natur. Grunnen til dette er at det framleis finst mykje på jorda som ikkje er menneskeskapt. Sjølv om mykje av dette er påverka av menneske kan vi likevel ikkje kall det rein kultur. Den største utfordringa med Mc Kibbens filosofi er at den seier at menneske og natur er ein absolutt motsetning, altså at menneske ikkje er natur. Hverven (2019, s. 16-17) meiner at dette er problematisk og at ein er tent med å tenkje på forholdet mellom menneske og natur som mindre motsetjande.

«...Naturen er kulturens heim, friluftsliv er ein veg heim...» (Faarlund, 2015, s. 26.).

Menneska har levd på jorda i mange generasjonar. Nils Faarlund meiner at dette betyr at vi ikkje berre er tilpassa eit liv i fri natur, men at vi også har ein medfødt evne til å lære naturen

å kjenne. Vår læring i møte med natur har vore så begeistrande at vi har klart oss utan annan utdanning i nærmare tusen slektsledd (Faarlund, 2015, s. 26.).

Klima og miljø

Spørsmålet om klima og miljø involverer i stor grad naturen. Klima og miljø er globalt, og skal endringar skje må dei skje globalt og ikkje berre lokalt. Mennesket og heile det globale samfunnet, er avhengig av naturens eksistens. Det er ikkje berre viktig for å vere eit pusterom. Tanken er å bli glad i naturen, då må ein lære å kjenne han (Repp, G. 2001, s. 258). I dag opplever vi store klimaødeleggingar, kor nettopp naturen vert øydelagt. Faktorar som kommersialisering, turisme, trendar og friluftskultur, set menneskelege avtrykk som påverkar miljøet (Magnussen og Vold, 2018, s.).

FNs klimapanel har i fleire rapportar lagt fram dokumentasjon om klimaendringar og konsekvensar av global oppvarming. Dei har konkludert med at naturen utan tvil påverkast av dette og at det høgst sannsynleg er menneskeskapt (Stortingsmelding 39, 2008 – 2009, s. 20). FNs medlemsland har 17 mål for å oppnå berekraftig utvikling innan 2030. Desse måla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samheng. Berekraftsmål nr. 12 tek for seg ansvarleg forbruk produksjon og 13 handlar om å bekjempe klimaendringar og konsekvensane av dei (FN - berekraftige mål, 2020).

Klimaendringar utgjer ein av verdas største truslar mot naturmangfaldet i verda. Endringar i til dømes temperatur og nedbør, endra levekåra for mange artar og påverke naturmangfald og korleis økosystema fungerer. Påverknad som fysiske inngrep og forureining, kan gjere det vanskeleg for ulike artar og tilpasse seg klimaendringar (Miljødirektoratet, 2020).

Vi forbinder gjerne det tradisjonelle friluftslivet med å vere miljøvennleg. Ein studie frå midten av 2000 talet viser derimot at utgifter forbunde med tradisjonelt friluftsliv fører med seg store miljøkostnadar, både frå direkte og indirekte energiforbruk. I 2005 sto fritidsforbruket for om lag ein fjerdedel av den samla energibruken utløyst av privat forbruk i Noreg. Sjølv om desse tala er gamle er det ikkje noko som tydar på at situasjonen har skifta til ein meir miljøvennleg retning. Av dei 30 kategoriar i fritidsbruk ligg hytteturar og tradisjonelt friluftsliv på tredje og fjerde plass når det gjelder energibruk. Det er på dette området vi brukar mest pengar. Produksjon og drift av utstyr fører til energibruk knytt til tradisjonelt friluftsliv. Dette er ein stor skade for miljøet. Å drive med friluftaktivitetar i dag krev mykje utstyr utstyr. Dette bidreg til å auke vårt forbruk (Magnussen og Vold, 2018, s. 87).

Metode

Med metode meiner vi framgangsmåtar som vert nytta i vitskapleg forskning. Metodar inneheld “retningslinjer” som seier noko om korleis forskinga skal utførast. Ein vel metode ut i frå formuleringa i problemstillinga, kunnskaps og informasjonsbehov, moglegheiter for gjennomføring og formålet med forskinga. Når vi valte metode, stod det mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Kvalitativ metode er forskning kor ein gjer eit djupdykk på eit smalt felt. Ein nyttar til dømes intervju, deltakinge observasjon og analyse av dokument for å samle datamaterial. Kvantitativ metode blir brukt til å samle inn data som målar mengde eller kan målast i tall. Her er spørjeundersøking og statistikk typiske måtar å samle data på (Brinkmann & Kvale, 2009, s.46).

Val av metode

Når vi har valt metode har vi sett på ulike fordelar og ulemper ved metodane. Det er viktig å setje seg inn i kva ein vil finne ut av og korleis ein best mogleg kan forske på dette. Vi har eit tema som krev at objekta er villige til å dele av eigne erfaringar og frå eige liv. Ein utfordring kan vere at det er krevjande å måle akkurat det vi er ute etter å få svar på. Vi er ute etter individets eigne erfaringar og tankar. Vi ynskjer å få informasjon som kan hjelpe oss til å oppnå auka innsikt og forståing rundt tema. Ved å gå i detalj på informantens sin oppvekst og kva forhold vedkommande har hatt til naturen gjennom oppveksten vil vi få ei djupare forståing enn vi ville fått til dømes gjennom ei spørjeundersøking. På bakgrunn av dette meiner vi at kvalitativ metode passar vår oppgåve best.

Kvalitativ metode passar bra dersom ein vil undersøke eit tema ein ikkje veit så mykje om frå før. Kvalitative spørsmål som kva er? eller kva betyr? Er spørsmål som bidreg til å forstå fenomen og gå djupare inn på tema (Jacobsen, 2005, s. 30). Ved å gjennomføre intervju vil vi kunne gå meir inn på informantens sine individuelle erfaringar, tankar og haldningar. Det passar oppgåva vår godt då det er nettopp dette vi vil finne ut av i vår oppgåve (Thagaard, 2009, s. 61 - 62).

Datainnsamling

Datainnsamlinga vart gjennomført ved individuelle intervju. Det går ut på at intervjuar og informant sit saman i dialog. Dette kan gjennomførast anten ansikt til ansikt, over pc, eller over telefon. Ved å sitje i saman med subjektet, kan ein sjå vedkomande i auga og lese kroppsspråk medan ein snakkar saman. Det vil gi intervjuar fleire dimensjonar for å tolke informasjonen ein får (Jacobsen, 2005, s. 171).

Sidan vi vil gå i djupna hos våre informantar og vil spørje dei om deira personlege erfaringar og opplevingar, valde vi fysisk møte. Med eit fysisk møte kan ein enklare skape tillit som bidreg til trygghet i samtalen. Dette kan bidra til å skape betre flyt i samtalen og nå inn til informantan.

Utval

Val av informantar er sentralt for forskinga. Det er viktig å definere kva kriterium og kva utvalsmetode som bør gjelde i utval av informantar. I kvalitativ forskning er det vanleg at forskarane bestemmer kva kriterie som skal gjelde for informantane. I dette prosjektet vart det bestemt at informantane måtte være over 30 år, busett i Vestland fylke og at dei har eller har hatt ein tilknytning til friluftsliv i løpet av livet.

Vi intervjuar to kvinner og to menn. Vi hadde inga informasjon om oppveksten eller deira vaksne liv på førehand. Informantane har fått fiktive navn i undersøkelsen. Morten vaks opp i ein større by i Norge og hans knytning til friluftslivet har kome gjennom frileik som barn, folkehøgskule, og jobb i vaksen alder. Anna vaks opp i ei bygd. Ho har heile livet vore på tur i med familien. Lars vaks også opp i ei lita bygd. Der budde han som liten, før han flytta til ei større bygd. Han har gjennom oppveksten vore ute og drive frileik og aktivitetar. Sara vaks opp i ei lita bygd med gardsarbeid. Ho fekk ein annan introduksjon til naturen enn dei andre. Som lita var det frileik og i ungdomsåra vart friluftsliv presentert gjennom skulen. Alle er no busette i Vestland fylke. I undersøkinga vert vi kjent med informantane gjennom spørsmål om oppveksten deira med familie og frileik med vennar, og korleis dei forhold seg til naturen i dag.

Intervjuguide

Vi gjennomførte semistrukturerte intervju. I eit semistrukturert intervju har ein nokre tema som ein ynskjer å kaste lys over. Utviklinga til intervjuet styrer den vidare spørsmålgangen. Ut i frå hovudspørsmåla ville vi at subjekta skulle snakke fritt, samstundes som vi kunne styre intervjuet med oppfølgingsspørsmål og halde oss til den retninga vi vil. Ut i frå svara ein får frå subjekta, kan ein hoppe fram og tilbake i intervjuguiden (Vedlegg 1). I semistrukturerte intervju kan ein snakke relativt fritt og få ein god flyt i dialogen. Vi ønska at subjekta svarar ut i frå egne erfaringar, med egne ord. Denne typen intervju eignar seg til å intervjuer relativt få subjekt kor ein går i djupna, og dermed får god forståing og innsikt (Jacobsen, 2010 s.90).

Gjennomføring av intervju

Vi starta med pilotintervju. Denne informanten oppfylte kriteria vi hadde sett. Vi ynskja å gjere dette slik at vi kunne få tilbakemelding på eventuell justering av intervjuet, før vi gjennomførte intervjuet med dei utvalde informantane. I etterkant vart det gjort nødvendige justeringar på intervjuet. Deretter gjennomførte vi intervju med fire ulike informantar. Vi ville intervjuer våre informantar i trygge omgjevnader (Jacobsen, 2010, s.96). Vi hadde dialog med informantane og tok i mot forslag om kvar og når vi skulle møtast. To av intervjuer vart gjennomførte på campus, medan to intervjuer vart gjennomført ute etter informanten sitt ynskje. Dei andre to intervjuer vart gjennomførte i lukka rom på Høgskulen i Sogndal fordi dette passa best for informantane og oss. Intervjuer tok om lag 25 til 30 min.

Vi ynskte å gå i detalj på informanten sitt forhold til naturen gjennom oppveksten. Dette inngjekk i fyrste del av intervjuet. I andre del av intervjuet spurde vi om korleis subjektet nytta naturen i vaksen alder og flytta etter kvart fokuset over på informantens haldningar til naturen. Etter å ha samla inn denne informasjonen var målet å trekke parallellar frå oppveksten og til dagens haldningar. Vi ville sjå om det finst nokon samanheng mellom desse. Vi har vore ute etter informantens egne erfaringar og refleksjon rundt dette, og meiner at eit kvalitativt semistrukturert intervju gir oss moglegheit til å dykke grundig inn i tema.

Vi nytta oss av lydopptak under intervjuet. Dette hjalp oss når vi skulle transkribere intervjuet og analysere desse i etterkant. Vi hadde på førehand informert om at vi ynskja å nytte oss av lydopptak, noko vi også informerte om før vi starta intervjuet (Jacobsen, s.93. 2010).

På førehand gav vi ut skriftleg informasjon til alle subjekta om kva vår bacheloroppgåve skulle handle om, kva intervjuet ville innehalde, og at intervjuet er frivillig. Annan informasjon som at intervjuet, forskinga og all sensitiv informasjon ville vere anonym vart også informert om på førehand. Vi opplyste også om at det som vart sagt i intervjuet vil vi ønske å bruke (Jacobsen, s.94. 2010).

Tematisk analyse og behandling av data

Etter at vi hadde gjennomført intervjua gjekk vi i gang med transkriberinga. Vi valte å transkribere så snart som mogleg etter intervjua fordi det vart lettare for oss å kjenne igjen kva det vart snakka om når vi hadde intervjua friskt i minne.

I lydopptaka har vi fått gode svar. Vi måtte tolke svara vi fekk fordi det er fortalt på forskjellige måtar. Vi valte å gjennomføre tematisk analyse for å analysere informasjonen frå intervjua (Braun & Clarke. 2014, s. 219).

Første steg var å lese og bli kjent med kva data vi hadde innhenta frå intervjua våre. Etter fleire gjennomlesingar koda vi teksten ved å setje farge på dei delane av teksten som hadde same tema. Til slutt samla vi alt til vidare analyse. Vi sorterte informasjonen for å finne potensielle hovudtema. Tema vi kom fram til var; *barndommen, naturen og haldningar*.

Etiske forhold

I forkant av intervjuet sendte vi førespurnad om å delta til subjekt vi meinte var relevante. Der presenterte vi kven vi var, kva vi studerer og kva vi skriv bachelor oppgåve om. Når vi hadde avtalt intervju sendte vi informasjonsskriv og samtykkeskjema (Vedlegg 2). Dette var for at informanten skulle få skriftleg informasjon om kva oppgåva gjekk ut på og få innsikt i kva svara skulle brukast til. Før intervjuet skreiv subjektet under samtykkeskjema. Vi informerte om at vi ville nytte oss av lydopptak og at det ville bli sletta etter oppgåveskrivinga. I samtykkeskjema informerte vi om at intervjuet var frivillig og at sensitiv informasjon vert anonymisert i bacheloroppgåva. Det vart også informert om at ein ikkje måtte svare på det ein ikkje ynskde og at ein kunne avbryte intervjuet når som helst. For å skilje intervjua har vi ulike nummer på subjekta sine intervju. Det vil bli brukt fiktive namn under resultat og drøftinga i oppgåva.

Reliabilitet og validitet

Reliabilitet handlar om å gjennomføre intervju på riktig måte. Svare skal vere konkrete, og innhaldet vise truverdighet. Vi vil og ta med eventuelle feilkjelder som kan ha påverka.

Validitet vil seie at resultatet som kom fram i undersøkinga skal vere riktig og ha relevans i forhold til problemstillinga i oppgåva (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 250).

Som forskar må ein stille spørsmål om kor vidt funna ein gjer er generaliserande. Det vil seie at ein dannar ei forventning om kva som kjem til å skje (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 265).

Det kan vere vanskeleg å definere kva forhold ein har og har hatt til naturen gjennom enkle spørsmål. Ulike subjekt kan også ha ulik oppfatning av korleis forholdet til naturen er. Nokon kan vere kritiske å tenkje at dei ikkje har vore mykje i naturen, medan andre som har vore like mykje i naturen, kan tenkje at dei har eit nært og sterkt forhold til naturen. Dette går på individnivå og er derfor vanskeleg å ta høgde for i eit spørjeskjema. På bakgrunn av dette må vi vere nøye med korleis vi formulerar spørsmåla og konkrete med kva informasjon vi innhentar.

Måten vi presenterte tema og problemstillinga på, kan ha påverka korleis subjekta har svart. Under intervjuet kan det vere lurt at subjektet har ein bakgrunn for å komme i gang med tankeprosessen om oppveksten sin og erfaringar med natur. Vi ynskte å stille spørsmål som gjorde at vi fekk eit konkret bilete på kva som gjorde at ein var utandørs i oppveksten. Vi ville finne ut om det var foreldre, vennar, indre motivasjon eller andre faktorar som drog ein ut. Ved å legge vekt på likskapar og ulikskapar hos dei ulike subjekta kan ein tydeleggjere denne informasjonen. Det hadde vore interessant og sett på likskapar og ulikskapar i ein større grad enn vi vil kunne gjere, utan å stille spørsmål rundt det. Vi kunne og gått djupare inn på om det at du som liten var ute med vennar, har gjort at du er med vennar ut som vaksen, og korleis dette heng saman mellom barn og vaksen.

Vi valte antal subjekt med tanke på at vi skulle ha passeleg mykje informasjon å jobbe med. Vi ville ikkje at det skulle bli for mange informantar med for mykje informasjon, eller at informasjonen skulle bli for ulik. Kriteria vi sette for våre informantar var at dei skulle vere vaksne over 30 år, i yrkesaktiv alder, busett i Vestland fylke og at dei har eller har hatt ein tilknytning til friluftsliv. Vi sette ikkje noko kriterie om kjønn. Perspektivet på oppveksten er nokså likt uavhengig av kva kjønn ein har. Samstundes kunne det vist seg å vere skilnad mellom kjønn, derfor valte vi to kvinner og to menn. Vi kunne sett fleire kriterie som til

dømmes kva yrke dei har og om dei er foreldre eller ikkje. Om vi hadde konkretisert dette så mykje, hadde det teke lengre tid og vorte meir krevjande å finne dei riktige subjekta til vår forskning.

Vi stilte spørsmål om dei har drive med utandørs aktivitetar som barn og i ungdomsåra. Vi fekk høyre om ulike former for aktivitet. Det viste seg at mykje av aktiviteten føregjekk utandørs. I dag vil vi derfor kalle det for aktivitet innan friluftsliv.

Vi har diskutert vår erfaring og kunnskap om friluftsliv. Det vi sjølve har opplevd i oppveksten og frå studiet vårt er med på å styrke validiteten til denne oppgåva. Når vi har erfaring og interesse innan friluftsliv, er det lettare for oss å engasjere oss i dei tema subjekta er engasjerte i. Vi har likevel vore mest mogleg objektive gjennom intervjuet og unngått at dette har vore med på å styre samtalen. Informanten snakka fritt ut i frå dei spørsmåla vi stilte. Om intervjuet spora av frå tema stilte vi oppfølgingsspørsmål og fekk samtalen i riktig retning att.

Vi har ved nokre tilfelle brukt tidlegare bachelor og masteroppgåver som kjelde. I dei fleste tilfelle har vi gått til primærkjelder i dei ulike oppgåvene, men vi har og henta informasjon direkte frå oppgåvene til inspirasjon og fakta. Kor godt teorien og konklusjonen blir framlagt i oppgåvene er med på å påverke korleis vi bruker reliabiliteten i oppgåva vår.

Resultat og diskusjon

I oppgåva spør vi om kva betydning forholdet til naturen i oppveksten har hatt for haldningane til natur i vaksen alder? Får å kunne svare på dette spørsmålet tek vi utgangspunkt i analysen av dei fire informantane. I analysen kom det fram 3 temaområder som vil bli diskutert. Det første tema er i) **barndomen** og vil omhandle undertemaene *oppvekst og fri leik*. Det neste tema er ii) **naturen** og vil omhandle informantanes tilgang på *natur og miljøet* rundt i oppveksten. Det tredje og siste tema er iii) **haldningar** og vil omhandle informantenes *forhold til natur og haldingar til natur* i vaksen alder.

Barndommen

Oppveksten

Informantane har vorte eksponerte for natur gjennom oppveksten. Dei har både fellestrekk og ulikskapar i sitt møte med friluftsliv. Noko alle har til felles er at dei har blitt sosialiserte inn i friluftslivet. Gjennom heile livet vert ein sosialisert for samfunnet og andre mennesker (Svanberg & Wille, 2009, s. 222). Foreldra starta sosialiseringa til våre informantar. Tordsson (2018, s.65) seier at friluftsliv vert formidla til nye generasjonar gjennom sosiale samanhengar. Når barn vert tekne med ut møter dei normer, verdiar, kunnskap og veremåtar som er typiske i naturen. I møte med dette vert ein sosialisert inn i friluftslivet. Informantane Morten, Anna og Lars vart alle tekne med på turar saman med foreldra. Dei har hatt foreldra som døme og internalisert deira normer, verdiar, kunnskap og veremåtar i naturen. I Sara sitt tilfelle vart møte med natur lagt til nærmiljøet og gjennom gardsarbeid. Ho fortel at ho og søskena vart tekne med ut der det var naturleg at dei skulle vere med, men det vart aldri lagt opp til noko friluftsliv. Hennar introduksjon til naturen har kome gjennom gardsarbeid og samvær ute med søskena (Svanberg & Wille, 2009, s. 222). Ho har blitt sosialisert inn i normene, verdiane, kunnskapen og veremåten som er sentrale i gardarbeidet og nærmiljøet. Dette stemmer med det Tordsson seier om at friluftsliv vert formidla til nye generasjonar gjennom sosiale samanhengar (Tordsson, 2018, s.65). Slik vart våre informantar fyrst introduserte for naturen og utandørs aktivitet i oppveksten.

Frileik med vennar

Noko alle våre informantar har til felles er at frileik utandørs i lag med venner har vore ein stor del av oppveksten. På denne måten har dei teke i bruk naturen på den måten som var naturleg for dei. Alle har fortalt om ulike former for frileik i naturen. Lars fortalde til dømes at «... *Det var ganske sånn fritt. Vi fekk masse ansvar på ein måte, tillit til at vi greidde oss sjølve. Så vi leika jo, hugsar eg...*». og «... *Vi hadde krig mot dei på vestsida. Det var kjempe seriøst med spyd og pil og boge. Så tok me kvarandre til fange, men me var jo ikkje så gamle då...*» Anna og Sara fortel om liknande former for frileik i barndommen, som hyttebygging, klatring i tre, og leikar som detektiv og politi og røvar. Morten fortalde korleis han tok i bruk naturen «...*Som leikeplass...*» «... *Det har vore mykje frileik eigentleg, i skogen, med innslag av å gjere det vi ikkje fekk lov å gjere.*

I følge Fjørtoft & Reiten (2003) er det fleire studiar som bekreftar at barn trivest ute i naturen. Leiken vert meir kreativ. Barn får meir plass og deira oppfatning av omgivnadane legg føringar for korleis dei opptrer i naturen. Det er tydeleg at våre informantar har fått utfolde seg i leik ute. Dei har brukt kreativitet og utforska naturen. Dette har lært dei å sjå naturens eigenskaper og rammer. Dei har skapt seg inntrykk og erfaringar, og med det utvikla sine evner til å forholde seg til naturen.

I følge Brudal (1992) utviklar barn ved å erfare naturopplevingar eit breitt register av kjensler og måtar å forholde seg til verda rundt. Dette grunnlaget kan byggast vidare på som vaksen. Han meiner at leik utandørs i tidleg alder kan knytast opp mot positive naturopplevingar. Informantane gjev utelukkande inntrykk av at frileik i naturen skapar positive assosiasjonar hos dei. Frileiken som barn gjorde at naturen var noko dei såg på som ein god plass å vere.

Som svar på korleis Morten brukte naturen seier han «...*Som pause, frå, kall det verden, maset til mamma...*» Dette vitna om at naturen var ein plass han søkte for å kjenne på fridom og eigentid. Naturen var ein plass som kjendes trygg. Dette er noko vi også ser hos dei andre informantane. I følge Odden (2009 s. 59) heng tilknytning til friluftslivet saman med gode friluftsløpplevingar i oppveksten. Dermed kan vi seie at våre informantar gjennom sin oppvekst fekk eit godt utgangspunkt for å halde fram med å ha eit forhold til natur.

Naturen

Tilgang på natur

For å nytte seg av naturen må ein ha den tilgjengeleg. Noko som går igjen hos våre informantar, er at alle, uavhengig om dei har vakse opp i bygd eller by har hatt natur så godt som rett utanfor døra. Dei har derimot hatt tilgang på ulike type natur. Sara vaks opp ved kysten og har vore vane med sjø, åsar og skog. Lars har vore mykje med sjø, elv og skog. Etter kvart flytta han, då møtte han også fjellandskap. I bygda Anna vaks opp var det mykje natur. Ho nemner fjord, skog og høge fjell. I motsetnad til dei andre som alle vaks opp på bygda har Morten vakse opp i ein relativt stor by. Likevel skildrar han tilgangen til natur som "fri". Mykje av grunnen til dette er nok at han budde nær marka i byen han vaks opp i.

Ord som "fri", "nærme", "rett utanfor døra" og "lett tilgang" er ord som vart brukt då vi spurde om deira tilgang på natur gjennom oppveksten. Svanberg og Wille (2009) seier at i samspel med omgjevnadane lærer ein kva som forventast av ein i det aktuelle samfunnet. Naturen har vore tilgjengeleg, derfor har ikkje våre informantar behovd å dra langt for å oppsøke opplevingar i naturen, Det har vore enkelt å ta den i bruk. Aktivitetar og frileik i naturen har vore ein naturleg del av kvardagen. Naturen var ein del av deira omgjevnader, og vart derfor ein naturleg del av deira sosialisering til miljøet og naturen på staden dei vaks opp. Gjennom samspelet med naturen dei har hatt rundt seg, har dei teke til seg kunnskap og erfaringar (Svanberg & Wille, 2009, s. 227).

Miljøet rundt

Som barn og unge har våre informantar hatt ulike utgangspunkt for å dra ut på tur. Morten fortalde "...På søndagar var eg med pappa på skitur i bymarka. Eg måtte lokkast med då. Det var bacon og kakao og varm saft og vaffel med brunost, det var liksom brus på veg heim etter skitur som var lokkemiddel. Så det var ganske stor grad av ytre motivasjon då..." Morten var ikkje særleg motivert for å vere med familien på tur. Likevel vart han med. Diseth (2019, s. 85) seier at ytre motivasjon har sitt grunnlag i å oppleve samanheng mellom stimuli i omgjevnadane og påfølgande konsekvensar av eigen åtferd. Det var stor grad av ytre motivasjon som gjorde at Morten vart med ut. Det som gav Morten positive kjensler på tur var å ete bacon og drikke kakao. Dette kallast i følge Diseth (2019, s. 89) positiv forsterking. Det vil seie at eins eigen handling produserer ei belønning. For Morten var belønninga for å

komme seg ut på tur å få mat og drikke. Dermed vart det ytre faktorar som motiverte han til å bli med ut. Vidare fortalde Morten at “...*Det heile tok slutt ein grå sånn seinvinterdag, søndag, vi kom inn til hytta i bymarka, og så var den stengt...Då havna litt friluftslivet på hylla for min del...*”. Her hadde Morten gleda seg til å komme inn til hytta i bymarka, det var belønninga. Då det viste seg at hytta var stengd forsvann gleda og motivasjonen ved turen. Når belønninga ikkje var til stades var det ikkje lenger nokon motivasjon til å halde fram med friluftsliv.

For Anna, Lars og Sara stilte det seg annleis. Dei hadde ein positiv tilnærming til å vere ute. Anna seier til dømes “...*Elska å vere ute! Det var heilt fantastisk...eg hugsar sjølv at eg alltid ville vere med ut...*» og «...*Fysisk miljø har alltid vore på plass, og når alle andre er med ut og driver med det same så er det kanskje lettare å halde det i gang...*”. Både Anna, Lars og Sara fortel at dei alltid har likt å vere ute. Dei fortel om ei tilnærming til utandørs aktivitet, kor dei sjølve ynskja å vere med ut. Dei hadde indre motivasjon. I følgje Diseth (2019, s. 98 & 99) inneber indre motivasjon at aktiviteten er ein belønning i seg sjølv fordi den opplevast som interessant, utfordrande eller viktig. For Anna, Lars og Sara var interesse ein stor motivasjon. Det vil seie at dei retta si merksemd mot natur og friluftsliv. Dette vekka engasjement, og førte til at dei sjølve ynskta å dra ut. Dei trong ikkje ytre motivasjon for å lokkast med ut, men fann motivasjon i sjølve opplevinga av å vere ute. Likevel supplerte til dømes god niste og utstyr som ein ytre, motiverande faktor.

Haldningar

Forholdet til naturen

Vi spurde alle våre informantar om dei likte å vere ute i oppveksten. Svara vi fekk var noko ulike. Morten sa til dømes “...*Eg tenkte ikkje så mykje over det, då. Det var liksom før sosiale media og før internett i stor grad. Så det å vere inne var liksom ikkje så fryktelig kult. Då var det NRK1 og kanskje nokon bøker eller lekser. Då er det litt kulare å springe i skogen, rett og slett...*” Morten søkte ut fordi det ikkje var så mykje å finne på. Han brukte kreativitet og utforsking i naturen for å aktivisere seg sjølv. På den andre sida har han haldt fram med å søke seg til naturen. Det tyder på at å vere ute i naturen likevel har gitt han noko positivt. Lars fekk det same spørsmålet, han svara “...*Ja, veldig. Følte meg veldig sånn fri, det gjer eg endå...*” Lars kjende seg heime i naturen. For han vart naturen eit frirom kor han kunne utfolde seg.

Opphald i naturen gav han tryggleik og plass til å utvikle seg og utforske naturen. Han påpeika at mykje av dette framleis er sentralt for han. På dette spørsmålet svarta Anna med ein gong “...*Elska å vere ute! Det var heilt fantastisk...*” Anna fann mykje glede i å vere utandørs gjennom heile oppveksten, også i ungdomstida. Ho søkte ut fordi ho ynskte å vere ute og fordi dei aktivitetane ho likte å drive med føregjekk utandørs. Sara fortalde “...*Ja eg likte det veldig godt, mykje av det vi gjorde var jo å arbeide, mykje av det var jo etter kvart kjedeleg ... Så det var ikkje alt vi gjorde ute som var like artig, det var jo det ikkje, men, nei det var jo ute vi var...*” Sara fann og glede i å vere utandørs. Sjølv om det var mykje frileik, var det også naturleg å vere med å arbeide på garden. Det gav ho god innsikt i ulike sider av naturen, og viste at ein kan nytte seg av naturen på mange ulike måtar. Arbeid i kombinasjon med frileik saman med søsken og vennar har gjeve ho eit breitt perspektiv på naturen.

Som tidlegare nemnt meiner Brudal (Hauger, T. & Lund, O. 1996, s. 47) at barn ved å erfare naturopplevingar utviklar eit breitt register av kjensler og måtar å forhalde seg til verda rundt. Ofte har barn eit direkte nært og personleg forhold til natur. Barn kan vise innleving og medkjensle til plantar og dyr i sine omgivnader. Opphald i natur kan bidra til deira danning og utvikling. Dei kan kjenne på meistring, innleving, oppleving, identifikasjon og sosial og motorisk kompetanse. Desse faktorane kan bidra til trygge, utfordrande og interessante og opplevingar utandørs. Åleine, eller i samspel med andre, kan ein utforske og oppsøke det ein synes er spennande i naturen. Dermed kan barn danne eit positivt forhold til naturen basert på eigne erfaringar og inntrykk.

Odden (2009, s. 51) seier at dersom ein har vore på tur som barn har ein gode føresetnader for å halde fram med dette seinare i livet. Høyem (2020) meiner at mellomens opphald og rekreasjon i naturen kan bidra til eit permanent forhold til naturen. Alle våre informantar nyttar seg av naturen som vaksne. Tre av fire arbeider med friluftsliv og fjerdemann har tidlegare arbeidd innan naturbasert turisme, samstundes driv samtlege aktivitetar utandørs på fritida. Alle har halde fram med å nytte naturen i ulik grad. Naturen er framleis ein viktig del av livet. Grunnlaget som vart lagt gjennom oppveksten har ført til at dei har teke med seg friluftsliv og gleda ved å vere ute seinare i livet.

Haldningar til natur i vaksen alder

Vi stilte våre informantar spørsmål om naturens utvikling og haldningar til dette. Det kom fram ulike refleksjonar rundt tema. Noko alle nemnde var berekraftig utvikling. Vi veit at

klimaendringar er ein av verdas største truslar mot naturmangfaldet i verda. Menneskets forbruk og forureining skapar utfordringar for naturen og økosystema. Dette er ein stor global utfordring i vår samtid og står på dagsorden både i Noreg og i verda. (Miljødirektoratet, 2020). Informantane snakka om kva retning denne utviklinga går i, og at mykje av skulda ligg i menneskelege avtrykk. Samtlege meiner det er synd at dette skjer og at vi som menneske heilt klart har eit ansvar. Det vert tydeleg at dei alle set naturen høgt og meiner den har stor verdi for både dei sjølv, menneske og jorda (Høyem, 2020, s. 2.).

Under intervjuet sa Morten om naturen *“...Vi er ein del av den. Og viss vi som rase eller som art døyr ut så klarer antakeleg jorda seg relativt bra utan oss. Men dersom vi utryddar alt rundt oss då vert det verre å vere menneske. Så vi er jo ein del av naturen. så det å ta vare på naturen er jo det same som å ta vare på oss sjølv...”* Denne haldninga til natur som får stemmer godt med det alle våre informantar har lagt vekt på. Høyem (2020, s. 2) hevdar at praktisering av friluftsliv kan skape eit bevisst forhold til naturen, men at dette krev refleksjon rundt tema. Utandørs rekreasjon kan bidra til individets tolking av naturen og miljøproblematikk. Det skapar ikkje miljøbevisstheit i seg sjølv, men ved at ein får eit bevisst forhold til natur kan ein danne eit grunnlag for måten ein tenkjer om natur. Det vil seie at haldningar vert danna gjennom refleksjon og meiningar ut i frå erfaringar og kunnskap individet har gjort seg. Det er tydeleg alle våre informantar har eit bevisst forhold til natur. Ulike møte med natur har gitt dei forståing for naturens verdi og rolle. På bakgrunn av denne forståinga gjer dei seg opp eigne tankar, refleksjonar og tolkingar. Respekten for natur er stor. Basert på kunnskap om naturen, situasjonen naturen er i, og sitt eige forhold og kjensler for natur ser dei naturen i eit breidt perspektiv. Dei set naturen inn i ein del av noko større, og gjev den ei sentral rolle i vår eksistens.

Sara fortalde under intervjuet *“... Nei det er jo masse truslar mot naturen, både i forhold til det store klimaspørsmålet, og det med naturmangfold og nedbygging av natur... det er vel litt den delen av eit sånt vidare forbrukersamfunn. At vi kjøper ting heile tida...”* og *“... Viss vi skal få eit rikt land som vi er til å bli miljøvennlege, så må myndigheitene hjelpe til og, hjelpe oss med miljøvennlege val trur eg...”* og *“... Eg trur kanskje at vi må gå på ein økonomisk smell her i landet for at vi skal blir meir miljøvennleg...”* Sara snakkar om berekraft og forbruk på samfunnsnivå. Morten er inne på same tema, men i dette sitatet har han fokusert meir på individnivå *“...Kjøpe eit par ski, og heller bruke det opp. Kjøpe ei jakke, kanskje heller kjøpe ei som er litt dyr, men ha den lenger...”* Lars er også inne på noko av dette, han forklarar det på eit personleg nivå, *“...Eg følgjer med og vil tenkje at eg gjer litt, men. Eg*

kastar jo veldig masse sånn stein i glasshus fordi vi lever jo i dette her. Vi har jo eit veldig forbruk...” Anna nemner ikkje noko om forbruk, men også ho er oppteken av konsekvensane av menneskelege avtrykk i naturen. Sjølv om tilnærminga og utsegna ulike, kan vi seie at haldningane er relativt like. Dei tek for seg konsekvensar av dei truslane naturen står ovanfor, i dette tilfellet vårt forbruk og menneskelege avtrykk i naturen. Dei reflekterer rundt årsak og verknad av dette og gjer seg opp meiningar ut i frå den kunnskapen dei har om tema.

Marion og Strømme (2015, s.156 - 158) har ein modell (Figur 1) for haldningsdanning. Den bygger på at verdiar alltid ligg til grunn for haldningar, det gjer også tankar kjensler og kunnskap. Vi skil mellom tre hovudkomponentar, affektiv, kognitiv og sosial. Den affektive legg vekt på kjensler, den kognitive legg vekt på kunnskap og den sosiale legg vekt på sosiale rammer. Våre informantars refleksjonar kan sjåast opp mot denne modellen. I forhold til den kognitive komponenten bruker dei kunnskap om naturens utfordringar for å gjere seg opp tankar om konsekvensar av våre handlingar. Ved å nemne økonomi og forbruk viser dei kunnskap om dagens politiske og sosiale samfunnssituasjon. Fokuset på berekraftig levemåte er relevant i forhold til samtida, derfor kan vi også knyte meiningane deira opp mot den sosiale komponenten. Dei tek eit steg bak og ser vårt samfunn med høgt forbruk og lite endringsvilje, med eit kritisk blikk. Det viser at dei har evne til å gjere vurderingar på bakgrunn av egne erfaringar og refleksjonar. Vi veit at menneskelege faktorar er nokon av dei største truslane mot naturen. Å stille seg kritisk til dagens måte å leve og klare å reflektere rundt å ta avstand frå dette, vitnar om at det også er kjensler involvert i refleksjonen. Dermed står også den affektive komponenten sterkt i deira danninga av haldningar til natur. Anna la mykje vekt på personlege faktorar, ho seier “... *for min egen del og folk rundt meg, er på ein måte naturen ekstremt viktig, han har ein ekstremt viktig rolle der med å bare der å koble av frå kvardagen og komme oss vekk. Og leve litt i nuet, ikkje bare jage kvardagen...*”. Ho fortel om naturen sin funksjon som rekreasjonsstad. Sjølv om dei andre informantane ikkje fortel så mykje om dette, kjem det likevel fram av det dei seier at også dei har dette forholdet til naturen. Dei meiner det er flott at folk kjem seg ut i naturen, då dette er bra for helse og velvære. Samtidig påpeikar dei dilemma mellom mange folk i naturen og store avtrykk, ved til dømes forsøpling. Dei legg vekt på utbygging og avtrykk i naturen. Dette viser tydeleg at informantane har eit miljøperspektiv når dei reflekterer rundt naturen. Informantane viser kunnskap og involvering rundt sosiale rammer og samfunnsaktuelle tema som miljøproblemas omfang og årsak. Dermed er den kognitive komponenten oppfylt. Samtidig oppfyller dei også den sosiale komponenten ved å følge opp tema som er dagsaktuelle og samfunnsnyttige. Dei

er oppteken av at naturen er ein god plass å vere for menneske, samstundes som vi er nøydde til å ta vare på han med tanke på kva retning utviklinga går i. Det vert lagt vekt på den personlege verdien av å vere ute i naturen. Måten dei verdset naturens rolle på, viser kjensler og tilknytning til naturen. Dermed er også den affektive komponenten oppfylt. Dette dannar eit godt grunnlag for danning av haldningar.

Konklusjon

I denne oppgåva har vi svart på problemstillinga “*Kva betydning har forholdet til naturen i oppveksten for haldningane til naturen i vaksen alder?*” Vi venta ikkje å kunne gi eit konkret ja eller nei svar, men vil her skildre konklusjonen på den forskinga vi har gjort.

Ut i frå funna vi gjorde gjennom våre intervju og den forskinga og teorien som allereie fanst har vi kome fram til at forholdet til naturen gjennom oppveksten har ein betydning for haldningane til naturen i vaksen alder. Introduksjonen og sosialiseringa individet får til friluftsliv ser ut til å ha ein positiv effekt på danninga av natur og miljøvennlege haldningar. Familien står for den fyrste introduksjonen til friluftsliv. Frileik med vennar er viktig for gode naturopplevingar, og å utvikle kunnskap, erfaringar, og kjensler for naturen. Sjølv om informantane hadde ulike møte med natur, har dei alle fått utfolde seg og skape eit forhold til naturen.

Mykje tydar på at å danne ein relasjon til naturen i oppveksten skapar bevisstheit rundt nettopp naturen. Dette dannar eit grunnlag for å tørre å oppsøke og innsjå dei utfordringane naturen står ovanfor. Ein vågar å innsjå at våre handlingar kan påverke seinare generasjonar negativt. Samstundes har ein lært mykje og skapt ei interesse for naturen. Dette gjer at ein har nok kunnskap til å forstå at våre handlingar har ein effekt på naturens utvikling og kva konsekvensar dette fører med seg. Eit bevisst forhold til naturen fører gjerne med seg positive kjensler, slik vi ser hos våre informantar. Kjensler gjer at ein bryr seg om naturen, utviklinga og konsekvensar. Dermed vert det skapt engasjement og interesse for å ta vare på den. Dette kan knyttast opp mot dei, kognitive, sosiale og affektive komponentane i modellen til Marion og Strømme (2015, s.153 -158).

På bakgrunn av dette meiner vi at vi kan konkludere med at forholdet til naturen gjennom oppveksten kan ha ein viktig betydning for haldningane til naturen i vaksen alder. Forholdet til naturen i oppveksten dannar eit grunnlag for dei eigenskapane ein treng for å danne gode og bevisste haldningar til naturen, og spelar derfor ein stor rolle for vår haldningsdanning.

Litteraturliste

Andrews, M. (1995). *Metodisk veiledning. Miljølære*. Nasjonalt læremiddelsenter. (NSL).

Braun & Clark Thematic analysis I Smith, J. (2014). *Qualitative Psychology*. London: Sage

Brinkmann, S. & Kvale, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. (2.utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Brudal, (1992). *Naturopplevelse og Friluftsliv* I Hauger, T. & Lund, O. (1996). *Naturforvaltning og Friluftsliv*. Nesbru: Vett & Viten AS.

Diseth, Åge. (2019). *Motivasjons-psykologi*. (1.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Faarlund, N. (2003). *Friluftsliv. Hva – Hvorfor _ Hvordan*. Oslo: NIH. Lokalisert den 26.04.12 på: <http://www.naturliv.no/faarlund/friluftsliv.htm>

Faarlund, N. (2015). *Friluftsliv – En dannelsesreise*. (3.utg.). Ljø Forlag.

Fjørtoft, I. & Reiten, T. (2003). (Nr 10). *Barn og unges relasjoner til naturen og friluftsliv*. Porsgrunn: Høgskulen i Telemark.

FN. (2020, 30.november). *FNs bærekraftsemål*. Henta frå: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>

FN. (2019, 24.september). *Klimaendringer*. FN-sambandet. Henta frå: <https://www.fn.no/tema/klima-og-miljoe/klimaendringer>

Frønes, I. (2003). *De Likeverdige*. (3.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Gelter, H. (2000). *Friluftsliv*. The Scandinavian Philosophy of Outdoor Life.

Hverven, S. (2018). *Naturfilosofi*. Oslo: Dreyers Forlag.

Høyem, J. (2020). *Friluftsliv og miljøansvarlig oppførsel*. Journal of Outdoor Recreation and Tourism,31, s.1-8.

Csernai, L. & Vaagen, J. (2018). *Berekraftig utvikling og engergi*. Idunn. Naturen 02 / 2018 (volum 142). s. 68-73.

Jacobsen, D. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelse?* (2.utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Jacobsen, D. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring.* (2.utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Kalvø, A. (2018). *Hytteboka frå helvete.* Oslo: Kagge Forlag AS.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju.* (2.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Lov om Kongens myndighetsalder. (1921). *Lov om Kongens myndighetsalder.* (LOV-1921-05-13-2). Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1921-05-13-2>

Magnussen, L. & Vold, T. (2018). *Friluftsliv og guiding i naturen.* (1.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Marion, P. & Strømme, A. (2015). *Biologididaktikk.* (2.utg.). Oslo: Cappelen Damm AS.

Miljødirektoratet. (2020. 30.mars) *Friluftsliv.* Miljøstatus. Henta frå: <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/friluftsliv/>

Miljøverndepartementet (2019). St.meld. nr. 39. *Friluftsliv.* Oslo: Miljøverndepartementet. 2-2-0006.

Nyberg, E. (2017, 17.februar). *Slik kan barnehagebarn bli miljøbevisste.* Forskning.no. Henta frå: <https://forskning.no/barn-og-ungdom-miljo-partner/slik-kan-barnehagebarn-bli-miljobevisste/364618>

Odden, A. *På tur med barn. på tur som voksen?* I Heimdal, L. (Juni 2010). Rapport frå konferanse. *Forskning i friluft 2009.* (FRIFO-rapport nr 1).

Regjeringen, 2009, 29. mai. *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen.* Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-39-2008-2009-/id563671/>

Repp, G. (2001). *Verdiar og ideal for dagens friluftsliv. Nansen som førebilde?* Oslo: Norges idrettshøgskole.

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitative metoder*. (5.utg.). Oslo: Vigmostad & Bjørk AS.

Tordsson, B. (2010). *Friluftsliv, kultur og samfunn*. (1.utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Respekt for naturen og miljøbevissthet*. Udir. Henta frå: <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.5-respekt-for-naturen-og-miljobevissthet/>

Svaberg, R. Wille, H. (2009). *La stå! Sosialisering*. Oslo: Gyldendal akademia.

Store norske leksikon. (2020, 19, september). *Miljø*. SNL.

Vedlegg nr 1

Intervjuguide

Tema

Vårt tema er natur og haldningar. Vi er nysgjerrige på korleis haldningar til naturen vert skapt gjennom eit liv og særleg gjennom den danninga som skjer i løpet av oppveksten. Vi gjennomgår ulike fasar i løpet av barndommen og ungdomstida. Gjennom desse fasane vil ein ha ulike opplevingar som set inntrykk i individet. Som vaksne sit vi igjen med erfaringar. Vår tanke er å finne ut om forholdet ein har hatt og fått til naturen gjennom oppveksten har betydning for haldningane ein har til naturen som vaksen.

Formål med intervjuet

Vårt formål med intervjuet er å hente informasjon om individets forhold til natur gjennom oppveksten og objektets forhold til natur i dag.

Sjølve intervjuet

Innleiing

- Me presenterer oss sjølve: Kamilla Marifjæren og Ingrid Kyte
- Problemstilling: «Kva betydning har forholdet til naturen gjennom oppveksten for haldningane til naturen som vaksen?»
- Individet presenterer seg sjølv.

Bakgrunnsspørsmål

- Vi vil intervju vaksne i Vestland som vi veit at på eit tidspunkt i løpet av livet har utøvd friluftsliv.
- Bekrefte at individet oppfyller dei krava vi har satt for vårt forskningssubjekt. Individet får opplyst krava til våre intervjusubjekt og må bekrefte at individet oppfyller dei.
- Utfyllande informasjon

- Introduksjonsspørsmål: be om konkrete erfaringar og opplevingar
- Substansspørsmål\Oppfølgingsspørsmål: utdjuping av dei opplysningane allereie har fått. Samt fokus på det som er av interesse.
- Kontroversielle eller sensitive spørsmål: inngåande spørsmål som går gir djupare forklaring og konkrete svar og døme på opplysningar av interesse.
- Avrundande spørsmål: spørsmål som rundar av og set punktum for intervjuet.

Del 1. - Oppvekst

Spørsmål

1. Fortel kort om rammene rundt din oppvekst?
2. Kva tilgang har du hatt til natur gjennom din oppvekst?
3. Korleis har miljøet rundt bidrege til ditt møte med natur?
4. Korleis tok du i bruk naturen gjennom oppveksten?

Del 2. - vaksen alder

5. Kor mykje nyttar du deg av naturen i dag?
6. Er du oppteken av naturens rolle i dag?
7. Kan du fortelje kva du tenkjer du om naturens utvikling?
8. Kan du tenke deg at din oppvekst og erfaring med natur har hatt nokon innflytelse på dine haldningar til natur og miljø?

Avslutting av intervjuet

- Me takkar subjektet for at vedkommande stilte opp

- Kva oppleving hadde Subjektet under intervjuet og under gjennomføringa?
- Subjektet får moglegheit for å komme med spørsmål eller kommentarar.

Forvaltning av informasjon.

Etterarbeidet bør skje snarleg etter intervjuet. Gjennom etterarbeidet skal vi reinskrive referat og transkribere lydopptak. Deretter må vi analysere svara. Her handlar det om å redusere informasjonsmengda og få fram det som er mest relevant.

Vedlegg nr 2

Informasjonsskriv

Vil du delta i forskningsprosjektet

Natur og haldningar

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å *hente informasjon om subjekt sitt forholdt til naturen under oppveksten og forholde til naturen i dag*. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.

Formål

Vi skal skrive ei bachelor oppgave kor formåle med oppgåva er å sjå om det finst nokon samanheng mellom oppveksten ein har hatt og i kva grad ein nytta seg av naturen gjennom oppveksten, har gjort til korleis ein nyttar seg av naturen i dag og sjølve synet på den.

I 2020 er ein opptekne av korleis naturen vert brukt og vi må ta vare på den til vidare generasjon. Med modernisering og forksjellige tidsepoker vil ein mekre forskjellar korleis ein nyttar seg av naturen. Kvar menneske har individuelt syn på naturen, som gjer det spennande i forskninga vår til bachelor skrivinga. For å få dette til vil vi nytte oss av intervju av ulike subjekt i vaksen alder.

Problemstillinga vi har sett opp er «Kva betydning har forholdet til naturen gjennom oppveksten for haldningane til naturen i vaksen alder?» Dette er utgangspunktet for kva vi ynskjer å finne ut. Vår tanke er å finne ut om dei haldningane som vert skapt gjennom forholdet til naturen i oppveksten har noko å seie for haldningane til naturen i vaksen alder.

Gjennom bachelor skrivinga skal vi presentere det vi har jobba med, vi vil til dømes gjere intervju og finne relevant litteratur. Det er for å få eit innblikk i kva vi jobbar med og innspill til vidare arbeid.

Dei opplysningane vi innhentar i dette prosjektet vil ikkje nyttast til andre føremål verken under eller etter bachelorperioden vår.

Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?

For dette prosjekte er det Høgskulen på vestlande som er ansvarlig.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Vi ynskjer deg som subjekt til vårt intervju fordi vi ønska nokon som kan gi perspektiv på forholdet i naturen gjennom sin eigen oppvekst og ønsker å dele kva erfaring og tankar ein har om naturen i vaksen alder. Ein treng ikkje ha nokon spesiell bakgrunn for å delta på dette prosjektet. Det vi ynskjer er derimot å komme fram til dei elementa frå oppveksten som kan ha skapt ulike haldningar og verdiar til naturen. Vi vil gjerne snakke om friluftslivsvnar i vaksen alder og kva syn ein har på naturen i dag. Vi vil intervju vaksne i område Vestland fylke. Vi sender denne hendinga til eit utval vaksne menneske som vi meiner har noko å tilføre vår oppgåve.

Vi ønsker ikkje å samle inn sensitiv informasjon i vårt intervju.

Hva innebærer det for deg å delta?

Om du ønsker å delta i bachelor oppgåva vår ønsker vi å intervju deg, dette intervjuet vert ein del av ein samla undersøkelse i bacheloren vår. Det vert gjort lydopptak av intervjuet, dette er kun for at vi skal få med oss all informasjonen og ha god tilgang til denne når den skal analyserast og brukast i oppgåva. Intervjue inneholder spørsmål om oppveksten og forholdet til naturen i oppveksten. Det vert ikkje spørt om personlige opplysningar som kan sporast tilbake til deg i etterkant.

Deltaking i dette prosjektet går altså ut på å delta på eit intervju. Det inneber eit møte med oss kor vi har førebudd nokre hovudspørsmål som vi tek utgangspunkt i. Vi ynskjer eit intervju kor vi har ein dialog med moglegheit for oppfølgingsspørsmål og samtale. Det vil til ei kvar tid vere greitt å hoppe over eit spørsmål dersom dette er noko ein ikkje ynskjer å snakke om. Vi tenkjer at intervjuet vil vare om lag ein time, med rom for både kortare og lenger tid.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle dine personopplysninger vil da bli slettet. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- *Tilgang til denne informasjonen som blir av intervjuet vert veileder utanom vi som skriver bacheloren.*
- *Opplysningane vi får vert ikkje merka med noko personlig, som gjer at uvedkommande ikkje kan spore kven dette gjelder. Kontakinformasjon som vert lagra vert ikkje sett saman med arbeide vi gjer gjennom bachelor skrivinga. Navn vert erstatta men koder om det skulle vere nødvendig. Det er kunn vi som studentar som har tilgang på informasjon og det vert nytta passord for å logge seg på.*

Hvis aktuelt, opplys også om:

- *Opplysningane vil kunn bli behandla innanfor Norge.*

Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Personopplysningar makulerast og lydopptak vert sletta når prosjektet avsluttes. [11-12-2020 prosjektslutt].

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningene,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- å få slettet personopplysninger om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra *Høgskulen på Vestland* har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- *Høgskulen på Vestland* ved *Ingrid Kyte* og *Kamilla Marifjæren* studentar. *Veileder Odd Lenart Viken. I studentprosjekt må kontaktopplysninger til veileder/prosjektansvarlig fremgå, ikke kun student.*
- Personvernombudet ved HVL:
 - tel: 4791365920
 - epost: Trine.Anikken.Larsen@hvl.no

Ved spørsmål ta kontakt med:

- Kamilla Marifjæren tel: 97579347
- Ingrid Kyte tlf: 97559224

Hvis du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Ingrid Kyte og Kamilla Marifjæren

Prosjektansvarlig

(Veileder/forskar)

Eventuelt student

Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *natur og haldningar*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i eit intervju med lydopptak.

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet

(Signert av prosjektdeltaker, dato)